

**Sakshandsamar:**

Stig Vattekar  
E-post: Stig.Vattekar@sfj.no  
Tlf:

**Vår ref.**

Sak nr.: 09/2447-13  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

25048/09

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 26.10.2009

«f1»  
«f3»  
«f4»  
«f5» «f6»

## Vidare satsing på breiband i Sogn og Fjordane - tilskot til nye prosjekt

### -brev til alle kommunar i Sogn og Fjordane

Frå 2003 og fram til i dag har offentlege aktørar nytta om lag 144 millionar kroner til breibandutbygging her i fylket. Dette har vore eit spleiselag mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane i fylket, midlar løyvd gjennom HØYKOM (ei tidlegare statleg støtteordning), midlar frå Kommunal- og regionaldepartementet og kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift. Store deler av den offentlege innsatsen er samordna gjennom Breibandforum Sogn og Fjordane, på oppdrag frå fylkeskommunen.

Føremålet med denne satsinga er å legge til rette for ei snøggare breibandutbygging, og syte for at heile fylket kan nytte godt av eit breibandtilbod.

Etter gjennomføring av dei fire siste fasane i breibandutbygginga, står det att 19 millionar kroner som kan gå til vidare utbygging. Det er hittil oppnådd om lag 97,5% breibandsdekning med minimumskapasitet 640 kbit/s. Det manglar framleis breiband nokre stader der det er feil eller manglar i koparnettet til Telenor. Ut over dette ser vi på dekninga som så god at vidare satsing også kan gå til bygging av betre kapasitet på nettet med fiberløysing, samt til utbetring av mobilnettet.

Breibandforum i Sogn og Fjordane har på denne bakgrunn utarbeidd retningslinjer for korleis desse midlane best kan nyttast. Retningslinjene er lagt fram og godkjent i fylkeskommunen sitt hovudutval for plan og næring den 21. oktober i år.

Vedtaket lyder:

1. Når fylket no nærmar seg full breibanddekning ut frå den definerte minimumsstandarden, bør dei offentleg midlane til breiband også nyttast til å betre kapasiteten på breibandsnettet og utbetre mobilnettet. Disponible restmidlar på kr 19 mill frå tidlegare utbyggingsfasar vert nytta slik:
  - i. Kr 3 mill til utbetringar i dagens telenett, lokal eigendel 50%
  - ii. Kr 12 mill til fiberprosjekt, lokal eigendel 15% -50%
  - iii. Kr 4 mill til mobildekning, lokal eigendel 50%
  
2. Kriterier for val av fiberprosjekt:
  - i. Må vere til nytte for næringslivet i distriktet ved at dei får tilgang til høgare kapasitet



- ii. Må dokumentere at dagens dekning ikkje er god nok
  - iii. Må vere på stadar der det ikkje er dekning eller dårleg dekning i dag
  - iv. Bør gi ulike tenesteleverandørar og kundegrupper tilgang
  - v. Må følgje regelverk for offentleg innkjøp og unngå konkurransevriding
3. Det vert sett eit øvre tak på støtte til kvart prosjekt på kr 3 mill.
4. Breibandforum vil på vegne av fylkeskommunen lyse ut dei disponible midlane, og gjere ei fagleg vurdering når søknadane ligg føre. På bakgrunn av dette bidraget frå Breibandforum vil fylkesdirektøren fremme ei sak til hovudutval for plan og næring, som tildeler midlar til dei aktuelle prosjekta. Hovudutvalet har då også høve til å gjere eventuelle omdisponeringar mellom dei nemnde tiltaka i pkt 1.

Kommunane vert med bakgrunn i ovannemnde vedtak inviterte til å søke om midlar til delfinansiering av prosjekt. Søknaden må gjere greie for sjølve prosjektet, korleis kriteria ovanfor blir stetta, samarbeidspartnarar, kostnadsoppsett og finansieringsplan. Det er elles oppe for at andre enn kommunar kan søkje, men søknaden skal gå via den aktuelle kommunen.

Søknadsfristen er 20.november, og søknader vert å sende:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune – regionalavdelinga, Askedalen 2, 6863 Leikanger, epost: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no). Søknadane skal merkast med saksnummer 09/2447.

Spørsmål kan rettast til Geir Liavåg Strand, Breibandforum tlf 95191753 eller Stig Vattekar, fylkeskommunen, tlf 57656259.

Med helsing

Endre Høgalmen  
assisterande fylkesdirektør

Stig Vattekar  
rådgjevar